



Reguleringsføresegner i tilknytning til reguleringsplan for "Furene I".

Planidentifikasjon: Kart-nr i kartarkivskap nr 1

Stadfestingsdato

Stadfesta av:

RTK-

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrenser.

§ 2

1: Landbruksområde:

- jordbruk (J)

2: Trafikkområde:

- køyreveg
- gang- og sykkelveg
- anna trafikkareal (skråningar)
- parkeringsplass
- busshaldeplass
- buss, godsterminal, verkstad (T)
- støyvollar, vollar

3: Spesialområde:

- verneverdig område for hjortetrek (Sp1)
- trafikkområde, verneområde for hjortetrek, (Sp2), gjeld miljøtunnel
- høgderestriksjonsområde kring flyplass
- område for dremskanal og driftsveg

4: Kombinerte område:

- kontor, industri, (K/I)

Desse føresegnene kjem i tillegg til bygningslova og gjeldande vedtekter for Volda kommune.

Fellesføresegner:

§ 3

Høgderestriksjonane i tilknytning til Ørsta Volda lufthamn gjeld for heile planområdet slik: alle arealbrukskategoriar, tiltak og bestemmingar i tilknytning til desse.

Oppgitte maksimale etasjetal, gesims- og mønehøgder kan nyttast så langt desse ikkje kjem i konflikt med høgderestriksjonsbestemmingane. Ved oppattføring av bygningar, som følgje av skade, kan gesims- og mønehøgde ikkje overstige NGO-høgden bygningen hadde før skade skjedde dersom bygningen er i konflikt med høgderestriksjonsflatene. Bygningar som kan førast opp att som følgje av ovannemnde skade er vist med streksymbol "eksisterande bygningar som inngår i planen" på plankartet.

Ein bør i størst mogeleg grad søkje å ta vare på eksisterande vegetasjon i området som ikkje er i strid med planen. Planen gjev heimel til å krevje fjerna vegetasjon som er eller kjem i konflikt med dei restriksjonar som følgjer av planen.

Utnyttingsgrad er påført plankartet.



Reguleringsføresegner i tilknytning til reguleringsplan for "Furene I".

Planidentifikasjon: Kart-nr i kartarkivskap nr 1

Stadfestingsdato

Stadfesta av:

RTK-

§ 4

Høgderestriksjonar omkring flyplassen:

- a. Høgderestriksjonane gjeld i inn- og utflygingssonene til Ørsta Volda lufthamn samt til begge sider av rullebana, og er naudsynt for å sikre hinderfri inn- og utflyging.
- b. I inn- og utflygingssonene er høgderestriksjonane gitt av ei skråflate med helning 1:40 (2,5 %). Innflygingsflata sin innerkant startar 60 m framfor tersklane.
- c. Høgderestriksjonane til sidene for rullebana (sideklaringsflata) har ei stigning på 1:7 (14,3 %). Sideflata startar 75 m frå senterlinja til rullebana. Flata har ei starthøgde som fell saman med rullebana si høgde i senterlina.
- d. Innan områda gjeld dei høgderestriksjonar som er vist med restriksjonslinje påført NGO kotehøgde. Mellom påførte høgder skal det interpolerast. I desse områda kan det ikkje etablerast hinder (bygningar, vegetasjon, eller andre innretningar) som bryt gjennom innflygingsflatene eller sideflatene slik høgderestriksjonane er vist på plankartet. Eksisterande vegetasjon skal holdast under hinderflatene.

§ 5

Etablering av bygningar og av anlegg som krev dispensasjon frå gjeldande restriksjonsplan skal leggast fram for Avinor AS til uttale.

§ 6

Ved oppattføring av bygningar, som følgje av skade, kan gesims- og mønehøgde ikkje overstige NGO-høgden bygningen hadde før skade skjedde dersom bygningen er i konflikt med høgderestriksjonsflatene.

Landbruksområde (J):

§ 7

Området skal nyttast til tradisjonell jordbruksdrift. Bygningar som er knytte til drifta kan oppførast i området (jf. Bygningslova § 81, jf også høgderestriksjonane i planen).

Trafikkområde:

§ 8

- a) Det blir ikkje gjeve løyve til andre avkøyrslar frå europaveg og riksveg enn dei som er vist på planen.
- b) Rabattar og vegskråningar skal såast til og gjevast ei parkmessig handsaming. Gjerder og murar mot offentleg veg- og trafikkområde skal utførast i naturvenlege materialar. Kommunen skal fastsetje høgde på gjerde og murar i kvart einskild høve. I område med særskilde tiltak for hjorten si kryssing av veg skal vegskjæring og fylling gjevast ei utforming som ikkje er til hinder for hjortetrekking.



Reguleringsføresegner i tilknytning til reguleringsplan for "Furene I".

Planidentifikasjon: Kart-nr i kartarkivskap nr 1

Stadfestingsdato

Stadfesta av:

RTK-

- c) Frisiktsonene i vegkryssa må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areala innanfor frisiktsonene skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Beplantning over 0,5m er heller ikkje tillate. Det må ikkje plantast tre eller busker som etter vegstyresmakta sitt skjønn kan vere sjenerande for offentleg ferdsle.
- d) Innan for det trafikkarealet som gjeld europaveg, riksveg og fylkesveg, kan mindre vesentlege endringar som følgje av tekniske forhold i gjennomføringsperioden, gjerast av regionvegkontoret, jf plan- og bygningslova §28-1.2
- e) Avmerka jordfyllingar i planen skal byggjast samtidig med tilhøyrande veganlegg. Som alternativ for jordfylling som skal leie hjorten i retning overgangen over E39 kan viltgjerde nyttast.
- f) I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar (jf detaljprosjektering) som kan leggest på tilstøytande areal, jf. pbl. § 35.

§ 9

- a) Bebyggelsesplan for området T (busstasjon, godsterminal og verkstad) skal godkjennast av kommunen. Høgderestriksjonsplanen gjeld for byggehøgdena innafør området, jf elles rammene i § 70 i plan- og bygningslova.
- b) På området T skal det opparbeidast parkeringsplassar på eigen grunn etter vanlege normer. (1 bilplass pr. 50 m² kontor, 1 bilplass pr. 100 m² for verkstad og 1 bilplass pr. 200 m² for lager).

Spesialområde:

§ 10

Verneverdig område for hjortetrek (Sp1): Området skal vernast som trekkveg for hjort.

- a) Områda kan ikkje dyrkast, og skog og annan vegetasjon må ikkje fjernast utan at desse er i konflikt med restriksjonar som følgjer av planen og desse føresegnene.
- b) Det må ikkje leggest djupe, opne grøfter eller nokon form for gjerde eller glidekant langs vegar som kan hindre hjorten i ei rask og effektiv kryssing av vegar. Ledegjerder kan setjast opp etter eigen plan godkjent av kommunen. Gjerder og djupe grøfter i området elles blir ikkje tillate.
- c) Ferdsel i området blir regulert av friluftsløva. Området blir å rekne som utmark.
- d) Detaljutforming av områda skal gjerast i samråd med viltstellet, vegstyresmaktene og kommunen. Kommunen skal godkjenne utforminga.



Reguleringsføresegner i tilknytning til reguleringsplan for "Furene I".

Planidentifikasjon: Kart-nr i kartarkivskap nr 1

Stadfestingsdato

Stadfesta av:

RTK-

§ 11

Verneverdig område for hjortetrek/trafikkområde (Sp2): Området gjeld miljøtunnelen over E39. Detaljutforming skal gjerast i samråd med viltstellet, vegstyresmaktene og kommunen.

§ 12

Område for drenskanal og driftsveg. Innan området er driftskøyning tillate. Dreneringskanal har slike min. funksjonskrav:

- nettobreidd i botn: 2 meter
- nettodjupne: 1,5 meter
- helling steinplastring: 1:1
- helling skjering og fylling elles: 1:1,5

Kanalen sitt endelege arealbehov blir å fastsette på grunnlag av terrengmåling i marka og med etterfølgjande prosjektering.

Deler av kanalen er føreset lagd i rør, jf plankartet. Dette for å sikre hinderfri passasje for hjort. Ev. avvik i utstrekning og utforming skal avklarast med viltforvaltninga i Møre og Romsdal fylke ved detaljprosjektering.

§ 13

Fellesområde:

Felles avkøyrsl/veg Fv 1-1 er felles for bustadeigedomar som har vegrett knytt til eksisterande veg.

Felles avkøyrsl/veg Fv 1-2 er felles for tilstøytande eigedomar (gjeld ikkje planframlegg etter alt.2).

Kombinert område K/I:

§ 14

I området skal det oppførast bygningar for kontor og industriføremål. Lager kan etablerast som del av ovannemnde føremål. Føremåla kontor og industri kan nyttast kvar for seg eller i kombinasjon.

Kommunen kan tillate forretningsdrift som har tilknytning til den enkelte verksemd der tilhøva ligg til rette for det m.o.t. tilkomst og parkering.

§ 15

På området skal det opparbeidast parkeringsplassar på eigen grunn etter vanlege normer. (1 bilplass pr. 50 m² kontor, 1 bilplass pr. 100 m² for industri og 1 bilplass pr. 200 m² for lager).

Rekkjefølgjekrav:

§ 16

Samtidig med opning av vegsamband for allmenn ferdsel mellom E39 i Volda kommune og Torvmyrvegen i Ørsta kommune skal miljøtunnel for viltovergang over E39 vere ferdigstilt. Vist strekning med kanal i rør på plankartet skal vere etablert som del av veganlegget.



Reguleringsføresegner i tilknytning til reguleringsplan for "Furene I".

Planidentifikasjon: Kart-nr i kartarkivskap nr 1

Stadfestingsdato

Stadfesta av:

RTK-

Volda kommune

Volda kommune

ordfører

rådmann